

## Årsmelding 2009



Samspelet mellom UiB og Uni Research stimulerer utviklinga av musikkterapi som forskingsfelt. Her ser vi musikkterapistudentar i musikalsk samspel.



---

## INNHOLD

Del 1: Innleiing og oversikt .....	2
Bakgrunn, mål og strategi .....	2
Tilbakeblikk og oppsummering, 2009.....	2
Del 2: Rammer og vilkår.....	4
Organisasjon og økonomi.....	4
Samarbeidsrelasjoner innan UiB og Uni helse.....	5
Andre samarbeidsrelasjoner .....	5
Del 3: Fagleg aktivitet 2009 .....	7
Forskningsprosjekt i regi av GAMUT .....	7
Forskningsprosjekt i samarbeid med andre fagmiljø .....	8
Tidsskriftsdrift.....	9
Publisering og andre formidlingsoppgåver .....	10
Del 4: Prioriterte satsinger og vidare utvikling .....	11
Rammer for utvikling.....	11
Tematiske satsingsområde .....	11
Aktuelle utviklingsområde .....	12
Faglege og personellmessige utfordringar .....	12
Del 5: Vedlegg .....	13
Vedlegg 1 – Rekneskap GAMUT 2009 .....	13
Vedlegg 2 – Personale i 2009.....	14
Vedlegg 3 – Nokre nyhende 2009, frå vefsida <a href="http://www.gamut.no">www.gamut.no</a> .....	15
Vedlegg 4 – Liste over publikasjonar og faglege presentasjonar 2009 .....	16

## DEL 1: INNLEIING OG OVERSIKT

### Bakgrunn, mål og strategi

GAMUT – Griegakademiets senter for musikkterapiforskning vart etablert hausten 2006, i samband med at musikkterapi vart etablert som fag ved Universitetet i Bergen. UiB og Uni helse samarbeider om å utvikle GAMUT.

Gjeldande mål og strategi vart formulerte i januar 2008 (sjå "Om oss" på senteret si heimeside). Det er i 2009 ikkje gjort vesentlege endringar i høve til mål og strategi.

### Arbeidsområde

GAMUT forskar på forholdet mellom musikk og helse, i kliniske og kvardagslege samanhengar, noko som omfattar: 1) Klinisk musikkterapiforskning; prosessar og effektar. 2) Undersøkingar av helseaspekt ved ålmenn musikkbruk i samfunnet og ved målretta musikkbruk i institusjonelle samanhengar (skulen, kulturskulen, helsevesenet, osb.).

Forskningsresultat vert i hovudsak publiserte i fagfellevurderte internasjonale tidsskrift og i monografiar/bøker. Konkrete formidlingsaktivitetar utover dette omfattar kronikkar og andre former for popularisert formidling, filmformidling, rettleiing for aktuelle fagpersonar og miljø og dessutan populariserte forskningsbaserte kurs og foredrag.

GAMUT er vidare ein sentral aktør innan publisering av internasjonale musikkterapididsskrift, som utgjevar av det verdsomspennande tidsskriftet og forumet *Voices: A World Forum for Music Therapy*

(Open Access) og det internasjonale vitskaplege tidsskriftet *Nordic Journal of Music Therapy* (i samarbeid med Routledge).

### Tilbakeblikk og oppsummering, 2009

Som 2008 var det, har også 2009 vore eit godt år for utvikling av GAMUT og musikkterapifaget ved UiB. Vedlegg 3 gjev oversyn over nokre av hendingane. Den viktigaste hendinga i 2009 kom heilt seint på året, då det vart klårt at styret og leiinga for UiB godkjenner planane for oppstart av eit femårig integrert masterprogram i musikkterapi. Dette programmet, som får årlege opptak, startar opp i 2010. Nest etter Stortingsvedtaket i 1987 om etableringa av musikkterapistudiet på Sandane, er dette truleg det viktigaste enkeltvedtaket for utviklinga av eit solid vestnorsk fag- og forskingsmiljø i musikkterapi. Eit femårig integrert masterprogram vil styrke musikkterapi som profesjonsutdanning og forskingsdisiplin, noko som vil ha stor verdi for GAMUT som forskingssenter. Konkret vil det m.a. ha verdi ved at der vert etablert ei Forskingslinje ved musikkterapistudiet, noko som kan sikre fleire forskingsmotiverte og kvalifiserte master- og PhD-kandidatar i framtida.

Av andre viktige hendingar i 2009, vil vi nemne at den formelle forskingskompetansen ved senteret er styrkt ved at Christian Gold har fått professorkompetanse (opprykk til Forskar 1). Vidare

### MÅL

- Å utvikle eit norsk musikkterapeutisk forskingssenter på høgste internasjonale nivå
- Å sikre adekvat kunnskapsutvikling innan universitetsfaget musikkterapi
- Å utvikle samfunnsrelevant kunnskap om samanhengar mellom musikk, helse og utvikling, for bruk i m.a. helsevesenet, sosialtenesta, skulesektoren og kultursektoren.

### STRATEGI

Sentrale strategiar for utvikling av GAMUT er:

- Utvikling av eit fruktbart samarbeid mellom musikkterapifarane ved UiB og Uni helse, slik at GAMUT som samla fagmiljø vert mest mogeleg konkurransedyktig ved nasjonale og internasjonale utlysingar av forskingsmidlar
- Inkludering av og samarbeid med masterstudentar og doktorgradskandidatar ved Griegakademiet – institutt for musikk
- Tverrfagleg samarbeid med aktuelle forskingsmiljø ved UiB og Uni helse
- Tverrfagleg samarbeid med Helse Vest, Kriminalomsorgen Vest, HiB, NMH og andre regionale og nasjonale institusjonar
- Samarbeid i internasjonale forskingsnettverk, primært med utgangspunkt i det formaliserte samarbeidet mellom UiB og åtte andre universitet og forskingsmiljø i internasjonal musikkterapi.

skal det nemnast at Nordic Journal of Music Therapy har hatt eit særskilt godt år, fagleg og økonomisk. Endeleg vil vi nemne at formidlingsaktiviteten ved GAMUT har vorte styrkt monaleg gjennom arbeidet med ein dokumentarfilm om musikkterapi i eldreomsorga.

Den faglege aktiviteten i eit senter som GAMUT kan likevel ikkje oppsummerast fullt ut ved å vise til enkelthendingar som dei vi har tatt med over. Mykje av arbeidet skjer i gradvis prosessar som kanskje ikkje slår ut i nyhendumeldingar, men som likefullt er avgjeraande for utvikling av senteret over tid. Vi skal nedanfor gje eit oversyn over nokre av desse prosessane. For meir detaljert informasjon, viser vi til Del 3 og ulike vedlegg.

### **Samfunnskontakt, praksisrelevans og samarbeidsrelasjoner**

Viktigaste reiskapen for samfunnskontakt og samfunnsdeltaking er som før publisering, tidsskriftsdrift og ulike former for populærformidling.

Publiseringensaktiviteten i 2009 har vore god, jf. Vedlegg 4. 2009 har dessutan gjeve rom for vidare utvikling av begge tidsskrifta GAMUT publiserer. Særleg viktig har den nye samarbeidsavtalen med forlaget Routledge vore for Nordic Journal of Music Therapy. Som tidlegare år, har dei tilsette ved GAMUT vore aktive formidlarar, m.a. ved ulike seminar og konferansar.

Årsmeldingane for 2006/2007 og 2008 viste til at aktivitet i GAMUT er med på å generere ny musikkterapeutisk praksis i Bergen. Det er svært positivt å registrere at denne utviklinga har halde fram også i 2009, der det m.a. er etablert musikkterapistillingar ved Hospitalet Betanien og ved to av dei pedagogiske fagsentra i byen. På tampen av året vedtok bystyret etablering av ei ambulerande musikkterapistilling knytt til Løvåsen undervisningssykehjem. Dette kan verte ei særskilt viktig stilling for utvikling av musikkterapi i kommunal eldreomsorg. Denne utviklinga av praksisfeltet kjem også musikkterapistudiet ved UiB til gode, m.a. for praksisundervisning og innsamling av data til masteroppgåver.

Forskningsprosjekt og tidsskriftsdrift fungerer elles som dei viktigaste reiskapane for generering av faglege samarbeidsrelasjoner, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt. GAMUT har no etablert seg på eit tilfredsstillande og solid nivå når det gjeld slike samarbeidsrelasjoner.

### **NFR-finansierte prosjekt**

I november 2007 fekk Christian Gold ei tildeling på nærmere 6 millionar kroner frå NFR sitt program for psykisk helse, til prosjektet "Resource-oriented music therapy for psychiatric patients with low

therapy motivation: Randomised controlled trial". Prosjektet starta opp i 2008 og vart utvikla vidare i 2009. Prosjektet involverer samarbeid med Wagner-Jauregg Landesnervenklinik i Linz (Austerrike) og National Music Therapy Research Unit ved University of Melbourne (Australia).

I 2009 fekk Cochavit Elefant NFR-midlar over Småforsk-programmet til prosjektet "Effects of Music Therapy on Functional Communication and Mood of People Diagnosed with (stage 2-3) Parkinson's Disease: A Pilot Study". Prosjektet er utvikla i samarbeid med nevrolog Geir Olve Skeie ved Haukeland Universitetssjukehus.

### **Andre prosjekt**

GAMUT, ved Christian Gold, har i 2009 halde fram med å samarbeide med University of Jyväskylä om ein EU-finansiert RCT på musikkterapi i høve til depresjon og angst og ein RCT på musikkterapi for slagpasientar. Gold har dessutan vidareført eit pilotprosjekt innan kriminalomsorg, med finansiering av Helsedirektoratet, GC Rieber Fondene og Kriminalomsorgen Vest. Prosjektet involverer m.a. samarbeidsrelasjoner med Psykologisk fakultet, UiB og med Kompetansesenter for sikkerhets-, fengsels- og rettspsykiatri, Helse Bergen.

Med finansiering frå GC Rieber Fondene har ein i 2009 vidareutvikla prosjektet "Nettverket musikk og eldre: Samarbeid om forsking og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre". Brynjulf Stige er prosjektleiar. Nettverket involverer samarbeid med følgjande forskingsinstitusjonar: Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Bergen, Norges musikkhøgskole, Universitetet i Oslo og Aalborg Universitet.

Innanfor UiB-delen av forskningsressursen er der fleire pågående prosjekt, der Randi Rolvsjords kvalitative utforsking av ressursorientert musikkterapi i psykisk helsearbeid er det største enkelprosjektet.

Dei to eksternt finansierte doktorgradsprosjekta (Audun Myskjå innan eldreomsorg og Viggo Krüger innan barnevern) er også vidareført i 2009. Eit tredje eksternt finansiert doktorgradsprosjekt vart etablert, innan feltet psykisk helsearbeid (Hans Petter Solli).

### **Tidsskriftsdrift**

For GAMUT sine to internasjonale tidsskrift, *Nordic Journal of Music Therapy* (NJMT) og *Voices: A World Forum for Music Therapy*, har 2009 vore eit godt år, med betre distribusjon og økonomi, utvikling av nye tekniske løysingar og god tilgang på artiklar.

NJMT fekk i 2009 ei viktig prosjekttildeling frå Grieg Foundation, for vidare utvikling og internasjonal profilering frå og med 2010, sjå del 3.

## DEL 2: RAMMER OG VILKÅR

### Organisasjon og økonomi

GAMUT har to forankringspunkt; som forskingsgruppe ved Griegakademiet og som ei eining under Uni helse. Samspelet mellom UiB og Uni helse er ein føresetnad og vesentleg styrke for drift av forskingssenteret. Som fagfellesskap er GAMUT tverrfagleg og samansett av forskarar frå begge organisasjonar. Med utgangspunkt i gjeldande retningslinjer, vil somme av fagmiljøet sine eksternt finansierte prosjekt verte knytt til UiB, andre til Uni helse. For mange prosjekt er det tenleg med ein konkret samarbeidsavtale mellom dei to organisasjonane.

UiB-delen av aktiviteten har hatt vakanse i ei av dei 4 faste stillingane i musikkterapi i 2009. Ein har fått leigd inn vikar til mykje av undervisningsaktiviteten, men ikkje til forskingsdelen. Forskningsaktiviteten har difor vore under press, men vi har likevel greidd å halde oppe og vidareutvikle aktuelle prosjekt og tar sikte på at 2010 vil bringe med seg nyttilsetjingar og styrking av rammene for UiB-delen av forskningsaktiviteten.

I 2009 har det vore ekstern finansiering av i overkant av 4 årsverk ved GAMUT; ei stilling som forskar I, ei stilling som postdoktor, ei stilling som forskingsassistent, ei deltidstillting som forskar III og ei delstilling som førstekonsulent. I tillegg kjem tre eksternt finansierte doktorgradskandidatar. Medrekna det musikkterapeutiske fagmiljøet ved UiB, har elleve fagpersonar og to førstekonsulenter på ulike vis vore knytt til GAMUT-prosjekt i 2009 (sjå Vedlegg 2).

I 2009 har Brynjulf Stige fullført Unifobs utviklingsprogram for forskningsleiarar (2007-2009). Førstekonsulent Liv Gunnhild Qvale har i 2009 vore i svangerskapspermisjon. Fiona Kirkwood Brown har vore tilsett som vikar.

### Finansiering og økonomi 2009

Følgjande kjelder har stått for ekstern prosjektfinansiering i 2009 (alfabetisk rekkefølge):

- Aleris Ungplan Region Vest
- ERC og Finnish Centre of Excellence in Interdisciplinary Music Research ved University of Jyväskylä
- GC Rieber Fondene
- Griegakademiet – institutt for musikk
- Helsedirektoratet
- Kriminalomsorgen Vest
- Lovisenberg Diakonale Sjukehus
- Nordisk publiseringssnemd for humanistiske og vitenskapelige tidsskrifter (NOP-HS)
- Norges forskningsråd
- Routledge, Taylor & Francis Group
- UH-nett Vest

Aktiviteten i GAMUT har i 2009 vore i ei positiv økonomisk utvikling, med auke i omsetnaden samanlikna med 2008. Det vert overført eit lite overskot til 2010, sjå Vedlegg 1.

### Ekstraordinær ubetalt fagleg aktivitet

I årsmeldingane for 2007 og 2008 vart det peika på at drifta av GAMUT er avhengig av ubetalt fagleg aktivitet (utover arbeid med prosjektsøknader, som i eit forskingssenter må oppfattast som "ordinær ubetalt ekstraaktivitet"). Døme på slike ubetalte oppgåver er rolla som forskingsleiar for GAMUT og redaktøransvaret for dei to internasjonale tidsskrifta. Både i 2007 og i 2008 var omfanget av slike oppgåver kalkulert til 110 % stilling og det vart gjeve uttrykk for at dette er urovekkjande mykje ubetalt aktivitet, då det er fordelt på få personar og reduserer den strategiske handlingsfridomen ved å overbelaste forskarar som elles kunne vore meir aktive i å utvikle nye prosjekt.

I 2009 vart ein del av desse problema løyste, i alle fall på mellombels basis. Frå 1. august 2009 til 31. juli 2010 gjev Uni helse støtte til forskningsleiarfunksjonen i 20 % stilling. Ei løying frå Grieg Foundation har gjort det mogeleg å finansiere Christian Gold som redaktør for NJMT i 30 % stilling frå 2010. Ei løying frå GC Rieber Fondene har gjort det mogeleg å finansiere redaktørane for Voices i ca. 2 x 10 % stilling, frå 2009 for Carolyn Kenny og frå 2010 for Brynjulf Stige.

Ei viktig utfordring for GAMUT i det komande året vert difor å skaffe finansiering av forskingsleiarfunksjonen frå 1. august 2010. For begge tidsskrifta

### ORGANISASJON 2009

Forskningsleiar  
Brynjulf Stige

Prosjektleiarar  
Christian Gold og Brynjulf Stige

Redaktør NJMT  
Christian Gold

Redaktørar Voices  
Brynjulf Stige og Carolyn Kenny (USA)

Førstekonsulent NJMT/Voices  
Rune Rolvsjord

gjeld det også at dei omtalte løyvingane er tidsavgrensa (fram til 2011-2012), slik at ein må arbeide fram strategiar for meir langsigtige løysingar.

### Samarbeidsrelasjonar innan UiB og Uni helse

Når det gjeld samarbeidsrelasjonar står naturleg nok samarbeidet mellom musikkterapifaget ved UiB og forskingsenteret ved Uni helse heilt sentralt. Dette samspelet er til gjensidig nytte, m.a. ved at samarbeidet genererer 1) betre forsking og difor fleire publikasjonar og publikasjonspoeng, 2) faglege seminar som både forskrarar og studentar får tilgang til, 3) meir forskingsbasert undervisning, 4) ny musikkterapeutisk praksis i Bergen og med det praksisplassar for musikkterapistudiet, 5) høve for masterstudentar og PhD-kandidatar til å vere del av eit større fagmiljø.

Musikkterapi er tverrfagleg orientert som fag og det vil difor vere naturleg og nødvendig å utvikle samarbeidsrelasjonar også til ei lang rekke andre fag og fagmiljø ved UiB og Uni helse. Vi vil her kort skissere arbeidet med dette i 2009.

### Andre humanistiske fag

Etnomusikologi og musikkvitenskap er nærskyldne fag som det er naturleg å ha kontakt med. 2009 har, som 2008, gjeve rom for samarbeid om fleire seminar (sjå Del 3).

Samarbeid med fleire andre humanistiske fag er tenkjeleg og ønskjeleg, men førebels har ikkje fagmiljøet hatt kapasitet til å gjere mykje på dette føltet.

### Medisinske fag

Gjennom UiB er det førebels liten kontakt med medisin og ulike helsefag, sjølv om vi har registrert ein positiv interesse m.a. frå Institutt for samfunnsmedisinske fag. Gjennom Uni helse er det etablert eit fruktbart samarbeid med Kirsti Malterud om kvalitativ forsking og vi har i 2009 hatt samarbeidssamtalar med forskingsleiar Guri Rørteit ved Allmennmedisinsk forskningsenhet. Gjennom Haukeland Universitetssjukehus er det samarbeid under oppbygging i høve til nevrorehabilitering, gjennom prosjektsamarbeidet med overlege Geir Olve Skeie.

### Psykologiske fag

Samarbeidet med ulike psykologiske fagmiljø er generert både gjennom UiB og gjennom Uni helse, m.a. i høve til forsking på barnevern (Dagfinn Winje), kriminalomsorg (Anita Hansen) og samfunnsmusikkterapi (Leif Edvard Aarø). Det er dessutan etablert eit fruktbart samarbeid med UiBs

Graduate School of Clinical and Developmental Psychology (ved Per-Einar Binder og Helge Holgersen) om utvikling av forskarkurs i kvalitativ metode. GAMUT har vidare i 2009 etablert ein sonderande samarbeidsdialog med Regionsenter for barn og unges psykiske helse, RBUP Vest.

### Samfunnsvitskaplege fag

Musikkterapimiljøet ved UiB har profilert seg med eit kultur- og samfunnsorientert perspektiv på musikkterapien. Det vil difor vere ønskjeleg å byggje opp samarbeidsrelasjonar til fag som sosialantropologi og sosiologi, men ein har førebels ikkje hatt kapasitet til å etablere dette.

### Andre samarbeidsrelasjonar

Fagmiljøet i musikkterapi har lenge hatt ein tradisjon på å arbeide i faglege nettverk, lokalt/regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Dette har ein forsøkt å utvikle vidare i 2009:

#### Lokale/regionale nettverk

Formalisert samarbeid er inngått med følgjande instansar:

- Aleris Ungplan Region Vest (gjennom doktorgradsprosjektet til Viggo Krüger)
- Bergen Røde Kors Sykehjem (gjennom doktorgradsprosjektet til Audun Myskja)
- Haukeland Universitetssjukehus/ParkVest
- Høgskulen i Bergen/Senter for omsorgsforskning Vest
- Høgskulen i Sogn og Fjordane/Senter for helseforskning
- Jæren distriktspsykiatriske senter
- Kriminalomsorgen Vest
- Kulturskulen i Fjell
- Lovisenberg Diakonale Sjukehus (gjennom doktorgradsprosjektet til Hans Petter Solli)
- Nordfjord psykiatrisenter
- Olaviken alderspsykiatriske sjukehus
- Pedagogisk fagsenter, Fana
- Sogn og Fjordane fylkessenter for musikkterapi
- Sola distriktspsykiatriske senter
- Stavanger universitetssykehus
- Undervisningssjukeheimen i Sogn og Fjordane/Førde helsetun

I tillegg har GAMUT etablert ein samarbeidsdialog med Kulturskolen i Bergen.

## *Internasjonale nettverk*

Formelle samarbeidsavtalar internasjonalt omfattar:

### Universitet:

- Anglia Ruskin University, Cambridge, England
- Beth Israel Medical Center, New York (gjennom kontakt med Thanks to Scandinavia)
- Katholieke Universiteit, Leuven, Belgia
- Norges musikkhøgskole
- Temple University, Philadelphia, USA
- University of Jyväskylä, Finland
- University of Melbourne, Australia
- University of Queensland, Australia
- Aalborg Universitet

### Andre forskingsmiljø:

- National Music Therapy Research Unit, Melbourne, Australia
- Sunshine Hospital, Melbourne, Australia
- Wagner-Jauregg Landesnervenklinik, Linz, Austriake

### Nettverk knytt til tidsskriftsdrifta:

#### *Tidsskriftet Voices: A World Forum for Music*

*Therapy* har eit formalisert samarbeid med Antioch University i USA og dessutan tett samarbeid med 20 redaksjonsmedlemmer fordelt på 18 ulike land og institusjonar, der alle kontinent er representerte med minst 2 redaksjonsmedlemmer.

Tilsvarande har *Nordic Journal of Music Therapy* tett samarbeid med redaksjonsmedlemmer, redaksjonskontaktar og språkkonsulentar frå 13 ulike universitet og institusjonar i Europa, USA, Asia og Australia.

### Kommentar

Samla sett har GAMUT eit svært godt internasjonalt nettverk og ein er komen inn i ein god sirkel der eksisterande relasjonar genererer nye kontaktar, noko som er ein ressurs både for utvikling av nye forskingsprosjekt og for utvikling av universitetsfaget musikkterapi.

## **DEL 3: FAGLEG AKTIVITET 2009**

### **Forskningsprosjekt i regi av GAMUT**

Hovudaktiviteten i GAMUT er knytt til forskning. Vi gjev her oversyn over GAMUT-prosjekt i 2009. Informasjon vert oppdatert kontinuerleg på nettsidene [www.gamut.no](http://www.gamut.no)

#### **Effects of Music Therapy for Prison Inmates: Pilot Study**

Tidsperiode: januar 2008-desember 2009  
Finansiering: Helsedirektoratet, GC Rieber Fondene, Kriminalomsorgen Vest  
Involverte forskarar: Christian Gold, Anita Hansen, Fiona Kirkwood Brown, Liv Gunnhild Qvale.  
Prosjektleiar: Christian Gold

#### **En systematisk evaluering av metoden Integrert musikk ved sykehjem (PhD-prosjekt)**

Oppstart: august 2006  
Finansiering: GC Rieber Fondene  
Kandidat: Audun Myskja  
Birettleiar: Torgeir Brun Wyller (UiO)  
Hovudrettleiar: Brynjulf Stige

#### **Effects of Music Therapy on Functional Communication and Mood of People Diagnosed with (stage 2-3) Parkinson's Disease: A Pilot Study**

Tidsperiode: januar 2009-desember 2010  
Finansiering: Griegakademiet – institutt for musikk, Norges forskningsråd (Småforsk)  
Involverte forskarar: Cochavit Elefant, Simen Krogstie Lagesen, Felicity Baker, Geir Olve Skeie  
Prosjektleiar: Cochavit Elefant

#### **Musikkterapi som behandlingsmetode i en barnevernsinstitusjon (PhD-prosjekt)**

Oppstart: august 2006  
Finansiering: Aleris Ungplan Region Vest (løn) / UiB (drift)  
Kandidat: Viggo Krüger  
Birettleiar: Dagfinn Winje (Psykologisk Fakultet, UiB)  
Hovudrettleiar: Brynjulf Stige

#### **Nettverket musikk og eldre: samarbeid om forsking og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre**

Tidsperiode: september 2008-juli 2012  
Finansiering: GC Rieber Fondene  
Involverte forskarar: Solveig Hauge (UiO/HSF), Frode F. Jacobsen (HiB), Tone Sæther Kvamme (NMH), Audun Myskja (UiB), Hanne Mette Ridder (AaU) Brynjulf Stige (UiB)  
Prosjektleiar: Brynjulf Stige

#### **Psykotiske pasienters erfaringer med musikkterapi (PhD-prosjekt)**

Oppstart: november 2009  
Finansiering: Lovisenberg Diakonale Sykehus  
Kandidat: Hans Petter Solli  
Hovudrettleiar: Randi Rolvsjord

---

## **Resource-oriented Music Therapy for Psychiatric Patients with Low Therapy Motivation: Randomised Controlled Trial**

Tidsperiode: januar 2008-februar 2011

Finansiering: Norges forskningsråd (Program Psykisk helse)

Innvolverte forskarar: Christian Gold, Denise Grocke, Tor Olav Heldal, Karin Mössler, Randi Rolvsjord, Lars Tjemsland, Trond Aarre, og ca. 40 andre

Prosjektleiar: Christian Gold

### **Forskningsprosjekt i samarbeid med andre fagmiljø**

#### **Mellan taushet og støy: musikk, musikkterapi og det psykososiale miljø på sykehjem**

Tidsperiode: november 2008-juni 2010 (pilotprosjekt)

Ansvarleg institusjon: Senter for omsorgsforskning Vest

Finansiering: UH-nett Vest

Innvolverte forskarar: Solveig Hauge, Frode F. Jacobsen, Brynjulf Stige

Prosjektleiar: Solveig Hauge

### **RCT on Improvisational Music Therapy for Depression**

Tidsperiode: januar 2008-juni 2010

Ansvarleg institusjon: University of Jyväskylä

Finansiering: EU (FP7, project "Brain Tuning") and Finnish Centre of Excellence

Innvolverte forskarar: Jaakko Erkkilä, Jörg Fachner, Christian Gold, Marko Punkanen, Esa Ala-Ruona

Prosjektleiar: Jaakko Erkkilä

### **RCT on music therapy for stroke patients**

Tidsperiode: januar 2009-desember 2010

Ansvarleg institusjon: University of Jyväskylä

Finansiering: EU (FP7, project "Brain Tuning") and Finnish Centre of Excellence

Innvolverte forskarar: Jaakko Erkkilä, Jörg Fachner, Christian Gold, Marko Punkanen, Esa Ala-Ruona

Prosjektleiar: Esa Ala-Ruona

## Tidsskriftsdrift

Her følgjer nokre hovudtrekk i utviklinga av dei to GAMUT-tidsskrifta i 2008.

### Nordic Journal of Music Therapy (NJMT)

Tidsskriftet var etablert i 1992, med Brynjulf Stige som første redaktør. NJMT kjem ut med to papirutgåver per år, ved sidan av ei fyldig heimeside med utvalde tekstar, bokmeldingar, debattar og diverse informasjon. NJMT er eit internasjonalt nivå-2-tidsskrift. Redaktør sidan 2006 er Christian Gold.

Som skissert i Del 1, har 2009 vore eit viktig år for NJMT. Samarbeidet med Routledge ser ut til å kunne gje mange av effektane vi hadde håpa på når vi inngjekk samarbeidsavtalen med dei i 2008. I 2009 er drifta av tidsskriftet lagt om, med innføring av programmet Manuscript Central for handtering av vurderingsprosessen frå innlevering og fram til publisering. Distribusjonen av tidsskriftet er styrkt og i løpet av året har Routledge også digitalisert og lagt ut alle artiklar publisert i tidsskriftet sidan etableringa i 1992.

NJMT fekk i 2009 støtte frå Grieg Foundation til eit treårig prosjekt som skal sikre vidare utvikling av tidsskriftet til eit internasjonalt toppnivå. Ved teikning av samarbeidsavtale med Routledge i 2008 vart det inngått ein samarbeidsavtale mellom UiB og Uni helse om tidsskriftet. Samarbeidsavtalen presiserer m.a. at det skal oppnemnast ei styringsgruppe der begge institusjonar er representerte. Styringsgruppa har ansvaret for å peike ut redaktør på åremål, medan redaktøren har ansvaret for å etablere redaksjon. Styringsgruppa vil ha sitt



Nordic Journal of Music Therapy er eit fagfellevurdert vitenskapleg tidsskrift på nivå 2 som kjem ut med to nummer i året.

NJMT publiseres i samarbeid med Routledge og er mellom anna indeksert i Social Sciences Citation Index®, PsycINFO, RILM og CINAHL

[www.tandf.co.uk/journals/rnjm](http://www.tandf.co.uk/journals/rnjm)

første møte i 2010, for oppsummering og evaluering av 2009 og drøfting av strategiar for vidare utvikling.

### Voices: A World Forum for Music Therapy

Dette verdsomspennande tidsskriftet og forumet vart etablert i 2001, med Brynjulf Stige og Carolyn Kenny som dei første redaktørane. Desse to er framleis redaktørar for Voices og forumet, som er publisert elektronisk, med Open Access.

Voices er utvikla som eit inkluderande forum for publisering av artiklar, essay, intervju, rapportar og debattar. Ein hovudintensjon med tidsskriftet er å motverke den tendensen til europeisk og nordamerikansk dominans som ein finn innan dei fleste fagområde. Tidsskriftet har såleis eit spesielt fokus på å få fram tekstbidrag frå Afrika, Asia og Sør-Amerika, med særleg vekt på å utvikle ei betre forståing av korleis sosiale og kulturelle prosessar verkar inn på musikkterapeutisk teori og praksis. Med utgangspunkt i dette, har tidsskriftet ein markant annleis profil enn andre internasjonale musikkterapitidsskrift.

Dei to viktigaste utviklingsprosessane i 2009 har vore a) innføring av systematiske fagfellevurderingsprosesser for kvalitetssikring av alle tekstar, uavhengig av sjanger (det inneber m.a. at tidsskriftet no kan godkjennast som eit nivå 1-tidsskrift i det norske systemet), b) innføring av programmet Open Journal System (OJS) for handtering av vurderingsprosessen frå innlevering og fram til publisering.

Ei særskilt viktig løying frå GC Rieber Fondene i 2008 gjør at drifta av Voices er sikra fram til juli 2012. Voices er inne i ein konstruktiv dialog med BORA/UBB med tanke på vidare utvikling, m.a. av tekniske og økonomiske aspekt.

The image shows the front cover of the 'Voices' journal. The title 'Voices' is in large, bold, black letters at the top. Below it, in smaller letters, is 'A WORLD FORUM FOR MUSIC THERAPY'. There is some decorative geometric pattern at the bottom.

Voices er eit internasjonalt forum for musikkterapi med eit fagfellevurdert tidsskrift på nivå 1.

Voices publiseres som Open Access og er åpent tilgjengeleg frå:

[www.voices.no](http://www.voices.no)

## **Publisering og andre formidlingsoppgåver**

### **Artikkelpublisering**

I 2009 var forskarar frå GAMUT førsteforfattalar på 3 artiklar og medforfattalar på 3 andre artiklar i internasjonale tidsskrift med fagfellevurdering. Vidare publiserte forskarar frå miljøet 2 artiklar i nasjonale tidsskrift med fagfellevurdering og 7 andre artiklar i andre tidsskrift, sjå Vedlegg 4.

### **Bokkapittel og bøker**

I 2009 publiserte fagmiljøet 3 bokkapittel, sjå Vedlegg 4. 2 fagbøker fullførte i 2009 vil verte publiserte i 2010.

### **Annan publisering**

Forskarar frå GAMUT publiserte i 2009 7 leiarartiklar og 1 bokmelding, sjå vedlegg 4.

### **Foredrag på internasjonale og nasjonale konferansar**

Forskarar frå GAMUT hadde i 2009 13 foredrag på internasjonale konferansar og 14 foredrag på nasjonale konferansar, sjå vedlegg 4.

### **Foredrag og kurs**

I tillegg til bidrag på internasjonale og nasjonale konferansar, har dei fagtilsette i GAMUT i 2009 gjennomført ei lang rekke foredrag og kursopplegg i ulike samanhengar, sjå Vedlegg 4.

### **Film**

Dokumentarfilmen "Lyden av liv" om musikk og musikkterapi i eldreomsorga er produsert i 2009, med finansiering av GC Rieber Fondene. Filmen er produsert av Think Vivid Media på oppdrag frå GAMUT. Filmen vil verte distribuert i 2010 (sjå også Del 4).

### **Samarbeid om seminararrangering**

Nedanfor følgjer ein oversikt over seminar som forskingsssenteret har arrangert eller vore med på å arrangere i 2009. Som tidlegare har det vore mogeleg å leggje seg på ei aktiv linje når det gjeld arrangering av opne fagseminar, av di desse seminara byggjer på

dei nettverka som både undervisnings-, forskings- og formidlingsaktiviteten genererer.

- 24 mars: Ope seminar i "Nettverket musikk og eldre: samarbeid for forsking og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre". Førelesarar: Sissel Tollefsen, Audun Myskja, Solveig Hauge og Solgunn Knardal.
- 6. mai: Seminar om "Music and Ritual", i samarbeid med fagmiljøet i etnomusikologi ved Griegakademiet. Førelesarar: Paul Berliner, Tom Solomon og Brynjulf Stige
- 15.-19. mai: Internasjonalt forskingsseminar i Linz/Wien, i regi av prosjektet "Resource-oriented Music Therapy for Psychiatric Patients with Low Therapy Motivation: Randomised Controlled Trial". Deltakarar frå Australia, Austerrike og Noreg.
- 9. september: Seminar om "Improvisation", i samarbeid med etnomusikologi og musikkpedagogikkmiljøet ved Griegakademiet. Førelesarar: Paul Berliner, Tom Solomon, Brynjulf Stige og Steinar Sætre
- 16. september: "Music therapy and neuro-rehabilitation", i samarbeid med Haukeland Universitetssjukehus. Førelesarar: Felicity Baker (University of Queensland) og Simen Krogstie Lagesen.
- 16. oktober: Ope seminar i "Nettverket musikk og eldre: samarbeid for forsking og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre". Premiere på dokumentarfilmen "Lyden av liv". Førelesarar: Simen Krogstie Lagesen og Anne Grete Robøle
- 30. november/1. desember: Musikkens virkning i regi av Holbergdagene, med Brynjulf Stige som medlem i programkomiteen. Keynoteførelesarar: Tia DeNora og Peter Vuust.

Slike opne fagseminar er viktige for utvikling av tverrfaglege dialogar og for musikkterapien si nettverksbygging. Det vil difor vere naturleg å vidareføre denne type aktivitet i 2010.

## DEL 4: PRIORITERTE SATSINGAR OG VIDARE UTVIKLING

### Rammer for utvikling

2009 har vore eit godt år for utvikling og konsolidering av GAMUT. Drift og inntening har fungert etter målsetjingane og UiBs vedtak om oppstart av eit femårig integrert masterprogram frå 2010 skapar vilkår for vidare utvikling.

Fagmiljøet har tidlegare skissert tre utviklingsalternativ og mogelege ambisjonsnivå for musikkterapimiljøet i Bergen:

- **Nivå 1:** Regionalt nivå. UiB og Uni helse vil måtte vere det nest beste miljøet i Noreg når det gjeld musikkterapi. Forsking vil i hovudsak omfatte det som det er mogeleg å realisere innan forskingsdelen av UiB-stillingane. Dette nivået skapar eit svært svakt grunnlag for vidare drift av GAMUT.
- **Nivå 2:** Nasjonalt og nordisk nivå. UiB og Uni helse kan ha ambisjonar om å utvikle musikkterapi til eit profilert miljø i nordisk samanheng. Vidare drift av GAMUT er mogeleg og forskingssenteret kan utviklast i samspel med dei faste UiB-stillingane.
- **Nivå 3:** Internasjonalt nivå. UiB og Uni helse kan ha ambisjonar om å utvikle musikkterapi til eit internasjonalt profilert fagmiljø. Ei styrking og utvikling av GAMUT vil vere mogeleg, m.a. med ei sterkare satsing på internasjonale forskingsnettverk.

